

**Referat frå møte i samarbeidsutvalet 24.11.2022**

Dok. ref.:		Møtedato/ Tid:	24.11.22 18:00
Stad:	Kolltveit skule	Møtenr.:	4/2022
Referent:	Odd-Erik Kjeldstad, rektor		
Til stades:	Anne-Lise Hjartåker, Frode Ekerhovd, Conny Olufsen, Odd Erik Kjeldstad, Ana Santacruz og Vebjørn Bjerke Bjorland		
Forfall:	Lærarrepresentantane og kommunal representant		

SAKSLISTE

Tema	Saker	Oppfølg.
Faste saker		
Saker frå skulen	Ombygging Rektor informerte om nye planar for ombygging av skulen, og at det i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg ligg inne 12,5 million friske midlar til ombygging av Kolltveit skule. Då er budsjettet på 20,5 million totalt. Vidare informerte rektor om at oppstart truleg blir etter påske, og at prosessen vil utfordre drifta på skulen i perioden frå oppstart til ut på hausten. Mykje er enno uklart og det er venta meir informasjon på nyåret om korleis prosessen vil bli. Leiinga vil gå meir i detalj på infomøtet med FAU 30. november.	Rektor
	Temadag. <ul style="list-style-type: none">Omfanget av ombygginga blir mykje større enn tidlegare planlagt. Dette vil krevje vesentleg meir ressursar av skulen, noko som medfører at vi ikkje kan prioritera å få gjennomført ein temadag slik vi hadde tenkt. Den må utsetjast til neste skuleår. Foreldrerepresentantane ynskjer likevel å få organisert trivselstiltak på klassenivå. Rektor meiner slike tiltak kan vere gode alternativ slik vi står no.	Rektor/ Fau
	Ombygging. Hjelp frå foreldregruppa. <ul style="list-style-type: none">Skulen må tømast for gammalt skrot før byggeprosessen tek til. I samband med dette ynskjer skulen hjelp frå foreldregruppa. Foreldrerepresentantane er positive og tenkjer vi skal finne ein kveld tidleg på nyåret for dugnad. Skulen tek initiativ og organiserer.	Rektor
	Andre saker. <ul style="list-style-type: none">Lukt på jentetoalett i gymsal vil bli sjekka meir ut under byggjeprosessen.Merking av gymsal vil måtte vente til eventuelt etter at gymsal er blitt brukt som klasserom.	Rektor

Saker frå FAU	17. mai <ul style="list-style-type: none"> • 17. mai. Foreldregruppa må tenkje alternativt i samband med 17. mai-feiringa. Det er uklart kor mykje av skulen som kan brukast • Uteskule. Rektor informerte om praksis for uteskule i klassane. 	Fau
Saker frå Elevrådet	Uværskur/takoverbygg <ul style="list-style-type: none"> • Elevrådet ynskjer seg meir plass under tak i lè for uvèr. Rektor har tru på at ein kanskje kan få dette til i samband med utbygginga. Diverse ynskje frå elevrådet: <ul style="list-style-type: none"> • Ballbinge på plassen • Ein skikkeleg god basketkorg • Ein god fotball til utlån. <ul style="list-style-type: none"> ○ Fau går til innkjøp av fotballar. Elevrådet skal laga reglar for korleis utlånet skal gå føre seg. • Elevrådet ynskjer seg eplejus og sjokomjølkk som alternativ i mjølkeordninga. <ul style="list-style-type: none"> ○ Foreldrerepresentantar og skule drøfter kvar for seg om vi skal gå for ei utvida ordning. 	Rektor
Saker frå SFO	Ingen saker frå SFO	